

INFOSKRIV TIL FØRESETTE JUNI 2019



Avslutningsfest 10. klasse 19.06.2019. Me ønskjer dei flotte ungdommane lukke til vidare i livet!

Endring i organisering av skuleveka

Minner igjen om at grunna auka timetal på barnesteget dei siste åra, så vil det bli ei endring i organiseringa av skuleveka til hausten:

1. Elevane på 1.-7. trinn skal frå hausten slutte kl. 11:20 på tysdagane.
2. Elevane på 1. og 2. trinn skal frå hausten slutte kl. 10:40 på torsdagane.

De vil finna oppdaterte skyssruter på nettsidene til skulen og Kolumbus når det nærmar seg skulestart i august.

Personalendringar frå 1. august 2019

Liv Blindheim går over i pensjonistane sine rekker etter nesten 40 år på Ogna skule! Me ønskjer ho lukke til med det nye tilværet. Vibeke Nygård Apneseth går frå å vere sekretær til å bli lagleiar på 1.-4. trinn. Ny sekretær blir Linda Maurseth. Ho er i dag sekretær på Hå opplæringscenter og i Motlandsmarka barnehage. Me ønskjer ho hjarteleg velkommen. Stig Gunder Normann kjem attende som lærar til Ogna skule etter mange år som rektor i kommunen. Han skal no vere kontaktlærar for 7. klasse. Velkommen tilbake!

Me får også studentar frå UiS både haust og vår, og me skal på ny ha lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Lærlingen heiter Alise Kvía.

Elles er sosionom Marianne Særheim tilsett i 50 % stilling som miljøterapeut for ungdomsskulane i søre Hå. I denne stillinga skal ho vere oppsøkande i ungdomsmiljøet. Sidan Marianne allereie er tilsett hjå oss, vil det bli tilsett ein person i tilsvarande stilling før skulestart.

Me håpar også å ha på plass ny helsesjukepleiar til skulestart.

Varmt måltid i kantina frå hausten

Sidan me flytte inn i ny skule i januar 2018, så har me hatt varmt måltid i kantina med jamne mellomrom. Det har vore tanken frå starten av at me etter kvart skulle få dette til ein fast dag i veka. Så frå hausten av skal det serverast varmt måltid for alle kvar onsdag. Denne dagen vert det ikkje servert noko anna enn varm mat. Det vil kome info om meny i forkant.

Kontaktlærarar skuleåret 2019/2020:

1. trinn: Liv Lende Olsen og Mai Lise Haga
2. trinn: Oddrun Aksnes og Margrete Kverneland Herredsvela
3. trinn: Ingeborg Salte og Vibeke Nygård Apneseth
4. trinn: Tone Gundersen Haugen og Asgeir Lie
5. trinn: Oddvar Hausken og Janne Beth Lygren
6. trinn: Arild Skretting og Linn Wanda Kvalbein
7. trinn: Lars Bruhaug og Stig Gunder Normann
8. trinn: Kari Ueland og Inger Varhaug
9. trinn: Jorunn Rugland Høidahl og André Nes Myhre
10. trinn: Synnøve Romsdal og Livar Mellestrand

Sterk & klar på ungdomssteget neste skuleår

Sterk & klar er eit foreldreprogram for ei rusfri ungdomstid, sjå link for meir info.

<http://www.sterkogklar.no/hva-er-sterk-klar/foreldretreff>.

Dei skal ha foreldresamlingar for alle foreldra på alle ungdomsskulane i Hå kommune skuleåret 2019/2020. 8. og 9. klasse skal ha samlingar til hausten, medan 8. og 10. klasse skal ha til våren.

Datoane i haust er allereie klare: 17. september for 8. klasse, og 18. september for 9. klasse. Desse dagane vil ein først starte med vanlege foreldremøtesaker, og så kjem opplegget Sterk & klar.

Skulestart 2019/2020

Første skuledag til hausten er måndag 19. august. 1. klasse startar kl. 09.00, medan dei andre startar til vanleg tid kl. 08:20.

GOD SOMMAR!



Mvh
Helge Håland
Rektor